



Luster kommune

Eigarsskapsmelding 2016

Med utgangspunkt i avlagt rekneskap for 2015

Handsama:

2
0
1
6



Formannskapet
31.08.16

Innhold:

DEL I:	3
1. Eigarskap	3
1.1 Kommunen som eigar	3
1.2 Dei folkevalde som eigarar	3
1.3 Selskapsorganisering	3
2 Eigarskapspolitikk og eigarstrategi	4
2.1 Definisjon	4
2.2 Godt eigarskap	4
2.3 Luster kommune sine prinsipp og strategiar for kommunalt eigarskap.	5
2.3.1 Openheit	5
2.3.2 Opplæring	5
2.3.3 Rapportering	5
2.3.4 Utarbeiding og revidering av eigarstrategi	5
2.3.5 Selskapsavtale og vedtekter	5
2.3.6 Tilsyn og kontroll	5
2.3.7 Eigarorganet.....	5
2.3.8 Eigarmøte	6
2.3.9 Avtaler mellom eigar og selskap.....	6
2.3.10 Valkomite.....	6
2.3.11 Krav til styrekompetanse og styresamansetning.....	6
2.3.12 Godtgjering og registrering av styreverv	7
2.3.13 Habilitet	7
2.3.14 Etske retningsliner.....	8
2.3.15 Arbeidsgjevarrolla til selskapet.....	8
2.4 Administrativ støtte og koordinering	8
2.5 Motiv for eigarskapen	8
2.5.1 Finansielt motivert eigarskap	9
2.5.2 Effektivisere og kvalitetsutvikle tenesteproduksjonen.....	9
2.5.3 Samfunnsøkonomisk motivert.....	9
2.5.4 Regionalpolitisk posisjonering	9
2.6 Selskapsstrategi.....	10
2.6.1 Innhald i eigarstrategien for selskapa	10
3 Selskapsformer	11
DEL II:	12
4 Luster kommune sitt eigarskap	12
5 Opplysningar og strategi for utvalde selskap	14
6 Vedlegg:	43
6.1 Ulike selskaps og organisasjonsformer	43
6.1.1 Tenesteeining	43
6.1.2 Kommunalt føretak (KF).....	43
6.1.3 Interkommunalt selskap (IKS)	44
6.1.4 Aksjeselskap (AS)	44
6.1.5 Samvirkeføretak (SA)	46
6.1.6 Stifting	46
6.1.7 Interkommunalt samarbeid	47
6.1.8 Medlemskap i organisasjonar	47

DEL I:

1. Eigarskap

1.1 Kommunen som eigar

Ein kommune har ulike roller; - som myndigheitsutøvar, som tenesteprodusent, som kontraktspart og som eigar. Kvar og ein av desse rollene har sine særpreg og må bli handtert på ulike måter.

Som eigar av selskap bør kommune opptre føreseieleg og profesjonelt. Utarbeiding av ei eigarskapsmelding er ein føresetnad for eit aktivt og godt eigarskap.

Eigarskapsmeldinga er *“eit overordna politisk styringsverktøy for verksemd som er lagt til eit*

anna rettssubjekt, eige styre eller ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ”.

Ei eigarskapsmelding skal gi informasjon og sikre nødvendige styringssignalar til «selskapa».

Meldinga tek utgangspunkt i at når kommunen etablerer eit føretak eller selskap eller går inn som medeigar eller deltakar saman med andre, gjer kommunen det med eit mål om å oppnå noko.

1.2 Dei folkevalde som eigarar

Som folkevald har ein ulike roller m.a.; ombodsrolla, styringsrolla, leiarrolla, arbeidsgjevarrolla og eigarrolla.

Eigarrolla skil seg frå dei andre rollene. Mogelegheita til å påverke tenester som er organisert i eit selskap vil i utgangspunktet vere avgrensa. Ofte vil organa i selskapa verke framande og annleis, for dei som er van med direkte folkevald styring av kommunal tenesteproduksjon.

Der selskapet får direkte overføringar frå kommunen sitt budsjett vil påverknad vere større og variere.

Samtidig er selskapsetablering ein måte å avlaste dei folkevalde organa på. Dei tenestene som først og fremst er organisert i kommunalt eigde selskap, er brukarfinansierte tenester. Kommunalt eigde selskap utfører viktige samfunnsmessige tenester og forvaltar ein betydeleg kapital og infrastruktur. Det er derfor viktig at folkevalde forstår og er seg bevisst si rolle som eigar. Gjennom eigarstyringa har kommunen mogelegheit til å påverke selskapet sine rammer og handlefridom.

1.3 Selskapsorganisering

Ved selskapsorganisering skil kommunen ut ei teneste i eit sjølvstendig selskap. Etter dette blir eigaransvaret til kommunen ivareteke gjennom val av representantar til eigarorganet; - det vere seg, representantskapet, generalforsamlinga eller årsmøtet. Ved etablering av KF er det kommunestyret sjølv som tek i vare eigaransvaret. I enkelte tilfelle har kommunen òg eit finansieringsansvar overfor selskapet gjennom tilskot eller fastsetting av prisar for selskapet sine tenester.

Kommunen kan velje å legge fleire oppgåver til eit selskap eller å gå saman med andre kommunar eller private om å etablere selskap. Det er viktig at kommunestyret tenkjer heilskapleg, og at tenesta blir organisert i selskapsformer som er egna for drifta.

Felles for kommunalt eigde selskap er at dei stort sett opptre samfunnsansvarleg. Samfunnsansvar vil seie å ta omsyn til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda for eigarar, kundar, tilsette og andre interessentar. Selskapet på si side skal kombinere krav til kvalitet og samfunnsansvar med krav til lønsemd og effektivitet.

2 Eigarskapspolitikk og eigarstrategi

2.1 Definisjon

Eigarskapspolitikk og eigarstrategi:

Eigarskapspolitikk er dei overordna premissane Luster kommune legg til grunn for forvaltning av sine selskap og eigardelar i selskap. Eigarskapspolitikk er dei krav kommunen set til seg sjølv som eigar. (kva slags system, retningsliner og rutinar kommunen har for utøving av sitt eigarskap. Eigarskapspolitikk handlar om å ha ein bevisst eigarstyring.

Ein eigarstrategi for selskapa ein kommune eig heilt eller deler av, er dei forventningar kommunestyret har til kvart einskild selskap. Eigarstrategiane skal reviderast med jamne mellomrom – i etterkant av den årlege statusrapporteringa. Eigarstrategien skal klargjere forventningar til type avkastning, enten det er i finansiell forstand (utbytte) eller på annan måte. Det er viktig at eigarane sine forventningar til avkastning gjer at selskapet sitt formål kan bli realisert.

Denne eigarskapsmeldinga vert ein viktig del av utøving av det kommunale eigarskapet i Luster. Det er ein fordel om det er brei politisk semje om eigarskapspolitikken og strategiane.

2.2 Godt eigarskap

Målet med å utarbeide felles prinsipp for kommunen sitt eigarskap er å bidra til god forvaltning og utvikling av selskap og samarbeid i regionen, ved å tydeleggjera styringssignal i samsvar med dei målsetjingar kommunane har for sitt eigarskap. Prinsippa vil danne grunnlag for klarare retningsliner til selskapa og forenkle samarbeidet med dei andre eigarane. Prinsippa gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsetjingar kommunen (kommunane) har med selskapet eller samarbeidet.

Eit bevisst eigarskap er ikkje nødvendigvis det same som aktivt eigarskap. Eigarstyringa må vere til det beste for selskapet. Det tyder at kommunen og dei folkevalde veit kva dei vil med selskapet, at eigarstyringa er basert på kunnskap og diskusjonar og ikkje berre på styringsvilje. Eigarstyringa skal skje av dei folkevalde samla.

2.3 Luster kommune sine prinsipp og strategiar for kommunalt eigarskap.

2.3.1 Openheit

Kommunen sin eigarskap skal vere prega av openheit. Prinsippet om meiroffentlegheit skal ligge til grunn.

2.3.2 Opplæring

Kommunalt eigarskap skal vere tema på folkevaldopplæring/informasjon i starten av kvar kommunestyreperiode. Roller, styringslinjer og ansvarsfordeling skal vere sentrale tema i opplæringa. Eigarskap/eigarskapsmelding skal òg vere tema/sak på eit kommunestyremøte tidleg i valperioden.

2.3.3 Rapportering

Kommunen sin årsrapport skal innehalde eit oversyn over kommunalt eigarskap. Status og utvikling i viktige selskap skal omtalast i kommunen sin årsrapport eller i eiga melding. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar kommunestyreperiode/ev anna kvart år få seg førelagt ei ajourført eigarskapsmelding for drøfting. Formannskapet skal årleg drøfte utvikling i selskapa, behov for og ønskje om mogelege endringar og tiltak.

2.3.4 Utarbeiding og revidering av eigarstrategi

Luster kommune skal ha utarbeide ein klar eigarstrategi for dei selskapa ein finn særleg viktige, der kommunestyret sine forventningar til selskapet er formulert. Eigarstrategiane skal reviderast/gjennomgåast med jamne mellomrom – minst ein gong i kvar kommunestyreperiode. Eigarstrategien skal klargjere forventningar til type avkastning, enten det er i finansiell forstand (utbytte) eller på annan måte.

2.3.5 Selskapsavtale og vedtekter

Selskapet sitt formål skal gå fram av selskapsavtale/vedtekter. Formålet med selskapet bør bli vurdert med jamne mellomrom. Det er særleg viktig at kommune-styret er medvitne om kor stor handlefridom styret har til å utvide verksemda.

2.3.6 Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for selskapskontroll som skal bli vedteken av kommunestyret. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultatet av desse. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor har høve til å vere til stades på møte i eigarorgan i selskap der kommunen har interesser.

2.3.7 Eigarorganet

Selskapet sitt eigarorgan er generalforsamling, representantskapsmøte eller årsmøte. Det er politisk leiing, ordføraren, som skal representere Luster kommune i eigarorganet. Kommunestyret kan velje egne representantar til generalforsamling/ representantskapsmøte. Det skal

vere kommunikasjon mellom kommunestyret/formannskapet og kommunen sin representant i høve generalforsamling/representantskapsmøte. Utøvinga av den kommunale eigarskapen skal spegle kommunestyret sitt fleirtal

2.3.8 Eigarmøte

I tillegg til generalforsamling/representantskap bør det vere møte mellom selskapet og formannskapet med jamne mellomrom. For selskap som Luster kommune eig 100%, eller har dominerande eigarposisjon i, skal det vere årlege eigarmøte med formannskapet.

For selskap der Luster kommune er deleigar av ein viss storleik bør det vere minst eit eigarmøte i kvar kommunestyreperiode. I slike møte skal det ikkje bli fatta formelle vedtak. Eigarmøtet er ein uformell arena kor selskapet informerar om status og utfordringar og der selskapet si utvikling og strategi blir lufta, drøfta og diskutert. Slike eigarmøte kan ev verte halde i tilknytning til møte i generalforsamling/ representantskap. Ved spesielle høve kan det og vere aktuelt å informere kommunestyre om status og utvikling i selskapa ved at dagleg leiing/styreleiing informerer kommunestyre direkte.

2.3.9 Avtaler mellom eigar og selskap

Det kan bli utarbeidd aksjonær-/eigaravtale som beskriv tilhøvet mellom eigarane, informasjon til eigarane utanom representantskap/generalforsamling, selskapet si verksemd og val av styre. Eigarane skal i samspel med styret og leiing sikre god leiing av selskapet.

2.3.10 Valkomité

Luster kommune vil arbeide for at det blir vedtektsfesta bruk av valkomité for å sikre samansetjing av styret med utfyllande kompetanse og i tråd med eigar sitt formål med selskapet. Valkomiteen si tilråding bør vere grunngitt og bli lagt fram for eigar før generalforsamling/representantskap. Luster kommune vil arbeide for bruk av tenestetid/funksjonstid for medlemmar av valkomiteane for å sikre kontinuitet og fornying.

2.3.11 Krav til styrekompetanse og styresamansetning

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret blir sett saman og får dei rammevilkåra at dei kan utøve sitt virke til beste for selskapet. Styret er eit kollegium som består av personar med personlege eigenskapar som utfyllar kvarandre når det gjeld kompetanse. Eit styreverv er personleg. Styremedlemmene representerer ikkje kommunen. Styremedlemmene skal arbeide for selskapet sitt beste. Det er viktig at kommunestyret er klar over dette og tek omsyn til dette ved val av styremedlemmer. Styret sin kompetanse må vurderast ut frå selskapet sitt formål.

Der det blir peika ut vararepresentantar til styret bør ordninga med numerisk vara bli brukt for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Politisk deltaking i selskapsstyre er tillate. Ordføraren bør, grunna generalforsamlingsmynde, ikkje vera styremedlem der kommunen har

eigarinteresser. KS tilrår og at kommunen er kritisk i bruken av leiande folkevalde (formannskapet) i styre for selskap der kommunen har eigarinteresser.

I kommunale føretak (KF) kan rådmannen og rådmannen sin assisterande/vikar ikkje sitje i styret. KS tilrår og at kommunen er kritisk å nytte rådmann eller rådmann sin assisterande/vikar til styremedlem i selskap der kommunen har eigarinteresser.

Luster kommune vil ha ei bevisst haldning til val av styremedlemmar der ulike omsyn vert balanserte, «ikkje for nært og ikkje for fjernt.» I dei tilfelle der det ev skulle oppstå dobbeltrollar må kommunen velja alternative personar/løysingar til å ivareta mynde i eigarrollen for å sikra ugildskap.

Luster kommune vil arbeide for bruk av funksjonstid/tenestetid for styremedlemmar for å sikra kontinuitet, fornying og tilknytning til kommunale interesser.

Luster kommune vil arbeide for balansert kjønnsrepresentasjon i alle styre.

2.3.12 Godtgjering og registrering av styreverv

Godtgjeringa til dei som sitt i styra bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Styreleiar bør godtgjerast særskild i høve til styremedlemmene. Luster kommune vil arbeide for at styregodtgjerslene er nøkterne og at det vert lagt hovudvekt på å godtgjere for den tidsbruken som vervet krev.

Styret skal ikkje fastsette si eiga godtgjering. Luster kommune vil arbeide for at valnemndene på bakgrunn av eit utvida mandat kjem med framlegg på styregodtgjeringa i selskapa. Eigarorganet fastset styregodtgjeringa.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva sin på www.styrevervregisteret.no

2.3.13 Habilitet

Sentralt i vurderingane omkring habilitet er å ha ein klar oppfatning av ulike rollar. Eit styreverv er eit frivillig personleg verv der du representerer deg sjølv. Ein styremedlem skal ivareta selskapets interesser i høve til alle eigarane. Det er eit sunt prinsipp å unngå dobbeltrollar og rolleblanding, då sikrar ein og best høg integritet.

Eigar-, styre- og dagleg leiar-rolla skal derfor som hovudregel utøvast av ulike personar. Det er eit klart lovverk som utgangspunkt for vurderingar av habilitet. Lovverket er innskjerpa ved at ein ikkje lenger skil mellom private selskap og fullt ut offentleg eigde selskap. Det betyr at politikarar og administrativt tilsette som medlemmar av «selskapsstyre» som regel vert ugilde ved tilrettelegging og handsaming av selskapet sine saker i eigarorgana.

Når det gjeld KF, som ikkje vert rekna som selskap i juridisk forstand, så gjeld ikkje dette. Styremedlemmar i eit KF kan såleis delta i eigarorganet sine drøftingar omkring saker i KF-et, men KS tilrår at ein er varsame /ikkje nyttar dei aktive sentrale politikarane i styre for KF grunna direktelinja mellom styre og kommunestyre.

Sentralt i høve habilitet er og vurderingar om personlege interesser knyta til ei sak. Då må det gjerast avklaringar omkring automatisk habilitet («partsinteresser»), habilitet basert på skjønn («større fordel, tap») eller avleia habilitet («overordna /underordna»)

Luster kommune skal ha opne og ryddige avklaringar i høve ulike rollar og gjere gode vurderingar i høve habilitet for å sikra gode prosessar og vedtak som det ikkje hefter mistru til.

2.3.14 Ethiske retningslinjer

Kommunen skal sjå til at styra for større selskap utarbeidar og føl opp etiske retningslinjer for drifta av selskapet.

2.3.15 Arbeidsgjeverrolla til selskapet

Kommunalt eigde selskap bør vere medlem av ein arbeidsgjeverorganisasjon.

2.4 Administrativ støtte og koordinering

Ansvar for kommunen sitt eigarskap er politisk. Rådmannen har ingen formell rolle knytt til kommunen sitt eigarskap og eigarstyring, men rådmannen har ansvar for forsvarleg utgreiing av alle saker som skal til politisk handsaming. Dette inkluderer òg saker som gjeld eigarstyring.

Gjennom ajourføring av eigarskapsmeldinga skal rådmannen halda oversikt over selskapa og selskapa si utvikling. Den som har generalforsamlingsmynde må informere rådmann dersom det er spesielle forhold for eigarskapet i dei aktuelle selskapa, slik at dette kan takast fram for politisk handsaming.

Kommunen sin administrasjon og rådmannen sin kontakt med selskapa er gjennom rolla som bestillar, der selskapa er tenesteleverandør.

2.5 Motiv for eigarskapen

Kommunen bør avklare sin ståstad og sine forventningar til det som vert vurdert til å vere dei viktigaste selskapa kommunen har eigarskap i. Det mest sentrale dokumentet i denne samanheng er vedtektene eller eventuell selskapsavtale. Ein eigar bør ha eit klart formål med å investere i eller etablere eit selskap. Å eige er å vilje!

Ein politisk vedteken eigarstrategi bind deltakarane i representantskap og generalforsamling.

Ein eigarstrategi skal innehalde prioriteringar, tiltak og resultatkrav som kommunen ønskjer for det enkelte selskap. På den måten veit eit selskapa kva dei må gjere for å oppfylle eigarane si målsetting med eigarskapen.

Eigarskapet kan delast i fleire motiv/kategoriar. Dei ulike kategoriane kan bidra til å tydeleggjera kommunen sine målsettingar med selskapa.

2.5.1 Finansielt motivert eigarskap

Selskap kor motivet og hovudgrunngevinga for eigarskapet er store moglegheiter for økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensa økonomisk risiko for kommunen.

Til dømes vil Luster kommune sitt eigarskap i Sognekraft i hovudsak vere finansielt motivert.

2.5.2 Effektivisere og kvalitetsutvikle tenesteproduksjonen

Selskap der motivet og hovudgrunngevinga for selskapet er knytt til at fellesløysingar/selskapsløysingar bidreg til meir effektiv tenesteproduksjon enn å yte teneste sjølv. Sentralt her er å oppnå auka mengde av tenester for dei midlane som er til disposisjon og betre forvaltning av anleggsmidlane. Gjennom å etablere selskap med deltaking frå kommunane i regionen vil ein kunne oppnå meir effektiv tenesteproduksjon og opparbeiding av gode fagmiljø. Døme på slike selskap kan vere SIMAS og Sogn Brann og Redning.

2.5.3 Samfunnsøkonomisk motivert

Selskap der motivet og hovudgrunngevinga er knytt til at kommunen gjennom selskapet vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat eller gjennomføring av oppgåver. Dette kan vere selskap som er 100% eigde av kommunen, eigde saman med andre kommunar eller saman med private eigarar. Døme på dette kan vere selskap som investerer i infrastruktur.

2.5.4 Regionalpolitisk posisjonering

Selskap der motivet og grunngevinga er knytt til at det styrker regionen sine moglegheiter og posisjon til å gjennomføre oppgåver i høve til andre regionar og nasjonale aktørar. Her kan òg posisjonering for å utløyse statlege midlar/prioriteringar vere ein del av grunngevinga. Døme på slike selskap kan vere selskap som vert oppretta for å arbeide for å få realisert vegsamband/vegutbygging. Til ei viss grad er Visit Sognefjord AS oppretta med ein slik motivasjon/grunngeving.

Det er slik at det ofte kan vere samansette motiv for å opprette eit selskap. Fleire motiv/kategoriar kan såleis vere aktuelle for same selskapet, og over tid kan motiv for eigarskapet i selskapet endre seg. Til dømes kan det vere aktuelt for kommunen å delta i oppstart av eit selskap, for seinare å trekke seg ut.

I dei større selskapa Luster kommune har eigarskap til kan det vere meningsfullt å vurdere eigarskapet med utgangspunkt i momenta ovafor. Som nemnt vil det likevel vere slik at det kan vere samansette motiv både for å opprette eit selskap og for å vere eigar over tid.

2.6 Selskapsstrategi

Når kommunen har valt å legge ein del av sine verdiar inn i eit selskap medfører dette ein overføring av styringsrett til selskapet. Det er ikkje alle spørsmål knytt til forvaltning av verdiane i selskapet som vedkjem kommunestyret.

Eigarane si oppgåve er å legge dei ytre rammene for selskapet. Selskapet sitt styre og administrasjon har som oppgåve å legge opp verksemdsstrategien og forretningsstrategien innafor eigarstrategien. Summen av dette kallar vi for selskapsstrategien.

Type strategi	Kven vedtek	Hovudspørsmål
Eigarstrategi	Kommunestyret	Skal vi eige verksemda? Kva vil vi med eigarskapen?
Verksemdsstrategi	Styret i selskapet	Korleis skal vi organisere verksemda?
Forretningsstrategi	Administrasjonen i selskapet	Korleis skal vi optimalisere drifta av verksemda?

2.6.1 Innhald i eigarstrategien for selskapa

Luster kommune sine eigarstrategiar bør innehalde følgjande:

- Den historiske bakgrunnen for eigarinteressa
- Føremålsparagrafen i selskapsavtala
- Motivet for eigarskapen, kvifor er kommunen eigar, kva vil kommunen oppnå med selskapet.
- Dei seinare års utvikling i selskapet
- Rammer for selskapet si drift
- Vurdering av framtidig eigarskap
 - Samfunnsmessig nytte av eigarskapen
 - Lønsemd
 - Oppfølgings- og investeringsbehov
 - Verksemda si utvikling og risiko
 - Kapitalbinding

3 Selskapsformer.

Grunnen til å etablere eit føretak eller selskap, eller gå inn som medeigar eller deltakar saman med andre kan vera ulik.

Kommunane står stort sett fritt til å velje selskapsform i dei tilfelle danning av selskap er aktuelt.

Ein må gjera ei vurdering på om selskapsforma passar til dei oppgåver og funksjonar selskapet er tenkt å utføre, og kva rammevilkår selskapet har behov for. Før selskapsform blir valt, skal fylgjande tilhøve vera vurdert:

- Mogelegheita for politisk styring; mogelegheita for innretning av eigarskap, samt eigarane sin reelle styring gjennom representasjonsmodellar.
- Økonomisk ansvar; kva for plikter tek kommunen på seg i høve til selskapet.
- Risikovurderingar; økonomiske, marknadsutsikter, miljø og samfunnstryggleik, kvalitet og kvantitet av den kommunale tenesta og tilhøvet til sluttbrukar/inn-byggjarane.
- Selskapet sin økonomiske sjølvstende; plikter i høve til eit selskap kontra å behalde eigen mynde i høve avgjerder om prioritering av ressursbruk.
- Fleksibilitet – endring av eigartilhøve/samarbeid med private.
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve.
- Reglar for anskaffingar.
- Arbeidsgjevpolitisk strategi.

Graden av politisk styring varierar med ulik grad av organisering. Dette kan synleggjerast gjennom følgjande figur:



- 3.1 Tenesteeining – ingen omtale i meldinga.
- 3.2 Kommunalt føretak (KF) – avgrensa omtale i meldinga, eiga årleg handsaming.
- 3.3 Interkommunalt selskap (IKS) – omtale i meldinga.
- 3.4 Aksjeselskap (AS) – omtale i meldinga.
- 3.5 Samvirkeføretak (SA) – Sogn Skisenter Foreining-
- 3.6 Stifting – opplisting
- 3.7 Interkommunalt samarbeid – opplisting og kort omtale av samarbeidstiltak.
- 3.8 Medlemskap i organisasjonar. - opplisting

Jf vedlegg med nærare omtale av selskapsformer

DEL II:

4 Luster kommune sitt eigarskap

Selskap der Luster kommune er eigar

Kommunale føretak	Eigardel i %	Omtale	Mrk.
Lustrabadet KF	100%	X	
Interkommunale selskap IKS	Eigardel i %		
Simas IKS	15,6%	X	
Sogn Brann og Redning IKS	25%	X	
Sogn og Fjordane Revisjon IKS	10,5%	X	
Alarmsentralen IKS	4,74%		Florø, 23 komm. i fylket
Interkommunal samarbeid			
Sogn regionråd			Sogndal vertskommune
Sogn kulturskule			Leikanger vertskommune
Sogn barnevern			Sogndal vertskommune
Krisesenteret i Sogn og Fjordane			Vertskommune Flora som kjøper teneste hjå stiftelse.
Miljøretta helsevern			Sogndal vertskommune
Aksjeselskap			
Luster Arbeidssenter AS	100%		Vert avvikla i løpet av 2016
Sognekraft AS	6,88%	X	
Luster Energiverk AS	22%	X	
Sage kraftverk AS	50%	X	
Fjordstova AS	26%	X	
Luster Treningssenter AS	19,61%	X	
Sogneprodukt AS	7,25%	X	
SognLab AS	20,25%	X	
Jotunheimen Reiseleiv	4,90%		Avvikla i løpet av 2015
Brevegen AS	7%		
Pyramiden AS	10%	X	
Sørsida utvikling AS			
Sognehallen AS			
Fatlatunnelen AS	2,7%		Avvikla i løpet av 2016
Visit Sognefjord AS	3%	X	
Fjord Norge AS			
Kommunekraft AS			
A/L Biblioteksentralen			
Dag og Tid?			
Samvirkeføretak;			
Sogn skisenter SA		X	
Foreining;			
Luster Frivilligsentral			

Stiftingar			
Luster Utleigebustader		X	
Ormelid			
Wittgenstein			
Stiftinga Sogn Folkemuseum, Dei Heiberske samlingar. (Krisesenteret i Sogn og Fjordane)			«Passiv stifting», Luster kommune medstiftar.
Andre			
KLP			Eigd av kommunane/eigd av kundane
Medlemskap i organisasjonar			
KS			
LVK			174 «kraftkommunar»
USS			
LNK			
SFFI- fylkeskommunen si innkjøpsteneste			
Styre etter naturmangfoldlova §62			
Jostedalsbreen nasjonalpark			Ordførar, Ivar Kvalen leiar i styret.
Breheimen nasjonalpark			Marit Aakre Tennø leiar i styret.
Jotunheimen nasjonalpark			Ordførar, Ivar Kvalen leiar i styret.

5 Opplysninger og strategi for utvalde selskap

Generelt	
Namn på selskap:	Lustrabadet KF
Type selskap:	<i>Kommunalt føretak</i>
Adresse:	<i>Øyagata 11, 6868 GAUPNE</i>
Telefon:	<i>57 68 56 80</i>
Nettadresse:	www.lustrabadet.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	<i>100%</i>
Andre større eigarar:	<i>-</i>
Lån/garanti frå LK:	<i>Luster kommune eig anlegget.</i>

Leiing	
Styre/styreleiing:	<i>Leiar Terje Bakke Nævdal, nestleiar Olaug Høyheim, Ingar Norberg, Anja Fardal, Linda Goldman</i>
Ev oppnemning av LK:	<i>Valde av kommunestyret: Terje Bakke Nævdal, Olaug Høyheim. Ingar Norberg, Anja Fardal. Linda Goldman er vald av dei tilsette. Vara: Britt D Brugrand, Arne J Hauge og Stein Olav Njøs. Vara for dei tilsette Camilla Bruheim.</i>
Godtgjersle:	<i>Styrelleiar: kr 30.000,- i styrehonorar, nestleiar kr 20.000 og dei andre styremedlemmene kr 15000</i>
Dagleg leiing:	<i>Gunn Mari Åsebø</i>
Ev revisor	<i>Sogn og Fjordane Revisjon IKS</i>
Valnemnd	<i>Formannskapet</i>

Om selskapet	
Bakgrunn:	<i>Bassenget ved Luster ungdomsskule tilfredstilte ikkje lenger kvalitetskrav for symjebasseng. Ynskje om betre og større anlegg for bading, symjeopplæring mv.</i>
Vedtekter:	Vedtekter vedteke av Luster kommunestyre
Føremål:	<i>Tilby gode og varierte bade- og symjetenester innafor dei rammer kommunestyret set. Føretaket kan etablere tilgrensande eller supplerande tilleggstenester dersom dette styrkar føretaket sin økonomi.</i>

Status, utvikling av selskapet

Kommentar: *Anlegget vart opna i oktober 2012. KF-et står for drifta av anlegget. Anlegget svarar godt til forventningane om betre anlegg for skulesymjing, symjing/stuping som idrettsaktivitet og allmenn bruk for symjing og bading.*

Driftsresultatet i 2013 synte høgare inntekter, men og vesentleg høgare kostnader enn budsjettert og eit større underskot. I 2014 vart det sett i gang arbeid for å betra driftsbalansen og det kommunale driftstilskotet vart auka. Besøkstalet gjekk noko ned i 2014, m.a grunna flott sommarver. Driftsresultatet vart tross dette positivt, og ein fekk effekt av effektiviseringstiltak. Formannskapet deltok i drøftingane gjennomåret. Det vart gjort ei nærare vurdering omkring organisasjonsforma og kommunestyret vedtok å halde fram med KF som organisasjonsform.

Besøkstala har teke seg noko opp igjen i 2015. 47.478 besøkande (43.150/2014) er og litt betre enn budsjett (2% pluss). Dette sikrar og om lag 100.000 kroner meir i billettinntekter enn budsjettert. Godt besøkstal trengs for å sikre inntektssida framover.

Bra inntektstal og god kontroll på utgiftssida gir og som resultat eit mindreforbruk på 804.178.

Det vert viktig å halde fram med tiltak som held oppe besøkstalet samtidig som ein har god kontroll med kostnadssida

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	1.000	4.069	8.670	9.778	9.939
<i>Driftsresultat</i>	739	225	-1.183	702	787
<i>Nettodriftsresultat</i>	749	245	-1.167	724	805
<i>Eigenkapital</i>	749	978	-0.200	172	1.110

Utbytte:

-

Utbytte LK:

-

Kommunal løyving

2012: 2 mill kr. , 2013; 1,72 mill kr., 2014; 3,36 mill. og 2015; 2.960 mill kr samla, driftstilskot(2.210) og betaling for skulesymjing.(0,75)

Mål for eigarskap

Kommentar:

Motivet er både effektivisering/kvalitetsutvikling av tenesteproduksjonen samt samfunnsøkonomisk og regionalpolitisk posisjonering.

Framtidig eigarskap

Kommentar:

Vidareføra eigarskap, vidareutvikling av anlegget.

Generelt	
Namn på selskap:	Simas IKS
Type selskap:	<i>Interkommunalt selskap</i>
Adresse:	<i>Festingedalen, 6854 Kaupanger</i>
Telefon:	<i>57 65 70 70</i>
Nettadresse:	www.simas.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	<i>15,6%</i>
Andre større eigarar:	<i>Kommunane Sogndal (22,2%) Årdal (17,6%), Høyanger (13,2%), Vik (8,5%), Lærdal (6,9%), Leikanger (6,9%), Aurland 5,2% og Balestrand (4,2%)</i>
Lån/garanti frå LK:	<i>Ja, etter eigardel.</i>

Leiing	
Styre/styreleiing:	<i>Leiar Jøril Hovland, nestleiar Jan Roy Dalheim, Edith Valeberg Eggum, Ingebjørn Giil, Åge Skrede.</i>
Ev oppnemning av LK:	<i>-</i>
Godtgjersle	<i>Styreleiar har fast årleg godtgjersle kr 66.000. Nestleiar har fast godtgjersle kr 11.000. Styremedlemmene har fast årleg godtgjersle på kr 5000. kr 1000 i møtegodt gjersle pr møte utover det.</i>
Dagleg leiing:	<i>Hallvard Thomassen</i>
Ev revisor	<i>Sogn og Fjordane revisjon IKS</i>
Valnemnd	<i>Jan Geir Solheim og Harald Offerdal</i>

Om selskapet	
Bakgrunn:	<i>Nye krav til avfallshandtering, deponi i kommunane som ikkje lenger kunne nyttast m.v.</i>
Vedtekter:	Selskapsavtale
Føremål:	<i>Løysa eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på ein best mogeleg måte økonomisk, ressurs- og miljømessig.</i>

Utvikling av selskapet

Kommentar:

Selskapet er godt gåande i høve avfallshandtering i ei tid der det stadig kjem nye føringar for handtering; sortering (miljømessig god handtering av ulike fraksjonar), gjenbruk og attvinning av materiale og energi.

Selskapet har ansvaret for miljøstasjonen i Gaupne, den største utestasjonen for selskapet. Kommunen er driftsoperatør og får dekkja utgiftene sine.

Selskapet har og ansvaret for slamtømminga i kommunen. Gebyrnivået i selskapet er på eit gjennomsnittsnivå om ein samanliknar selskapet med andre selskap.

SIMAS har i 2015 gjennomført den største investeringa i verksemda sin historie. Det er bygd omlastingshall med ny produksjonslinje for pressing og emballering av avfallet. I samband med denne bygginga er interne vegar og anna infrastruktur også endra til eit framtidsretta anlegg. Dei nye arbeidsprosessane vil medføre endringar for menneskap og drift. Gjennom denne investeringa vil talet på vogntog ut frå anlegget bli redusert, noko som gjev vesentleg reduksjon i CO2-utslepp.

SIMAS Næring AS vart etablert og sett i operativ drift i 2015. Selskapet er 100% dotterselskap. Det er sett av tre år til å få dette selskapet etablert i marknaden. Dette er heilt naudsynt i ein marknad med skjerpa konkurranse om næringskundane. Målet med selskapet er å tilby gode og konkurransedyktige løysingar for næringskundane i regionen. Selskapet arbeider og med prosjekt for ny næringsutvikling basert på «avfallsressursar.»

I 2015 vart nye løysingar innan informasjon og service lansert med Renovasjons App og Mi Side-løysing der ein enkelt kan finne informasjon om både sitt eige abonnement og anna som er relevant.

Kommunestyret fekk nærare informasjon om selskapet på opplæringsdag i januar 2016. Det vil vere aktuelt at selskapet orienterar formannskapet om status/ utfordringar og arbeidet med næringsutvikling.

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
Driftsinntekter	58.148	59.882	60.237	60.034	62.462
Driftsresultat	4.537	4.351	1.130	145	-895
Ord.res.før skatt	3.774	3.854	0.696	-37	-1.481
Eigenkapital	17.531	21.385	22.081	22.081	20.293

Utbytte: 0

Utbytte LK: -

Kommunal løyving -

Mål for eigarskap

Kommentar: Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon

Framtidig eigarskap

Kommentar: Vidareføra eigarskap.

Generelt	
Namn på selskap:	Sogn Brann og Redning IKS
Type selskap:	<i>Interkommunalt selskap</i>
Adresse:	<i>Kulturhuset, 6856 Sogndal</i>
Telefon:	<i>57 62 96 00</i>
Nettadresse:	www.sognbrann.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	<i>25%</i>
Andre større eigarar:	<i>Sogndal (35%), Vik (16%), Leikanger (14%), Balestrand (10%)</i>
Lån/garanti frå LK:	<i>Ja, etter eigardel.</i>

Leiing	
Styre/styreleiing:	<i>Leiar Ingunn Broch Hauge(ny som leiar), nestleiar Kjellaug Ekse Brekklus, Gunnstein Flugheim, Per Steinar Sviggum (ny) , Bjørn Moheim (ny), Arne Ovid, (tils.repr.) Åge Skrede. (tils.repr.)</i>
Leiar rep.skap:	<i>Olav Turvoll.</i>
Ev «oppnemning» LK:	<i>Per Steinar Sviggum.</i>
Godtgjersle:	<i>30.000(l), 10.000(nl), 7.500(sm), ikkje serskilt møtegodtgjersle, men tapt arbeid etter nærare def. max.satsar. Etter vedtak dekker og selskapet godtgjersle til representantskap., 1.200 pr møte til medl. og 3.000 fast til leiar.</i>
Dagleg leiing:	<i>Brann- og redningssjef Vidar Trettenes.</i>
Ev revisor	<i>Sogn og Fjordane revisjon IKS</i>
Valnemnd	<i>2016-19: Jarle Aarvoll (leiar), Elin Hauge og Britt Grimelid.</i>

Om selskapet	
Bakgrunn:	<i>Krav om «profesjonalisering». Interkommunal løysing. Selskapet etablert januar 2011 og overtok frå mai 2011 dei fem deltakarkommunane sine oppgåver innan brannområdet.</i>
Vedtekter:	<i>Ja, inkl selskaps og etableringsavtale.</i>
Føremål:	<i>Felles brann og redningsteneste for å ivareta lovpålagde brannvern-oppgåver i eigarkommunane.</i>

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	<p>Selskapet har utarbeidd brannordning for den nye «brannkommunen» og arbeidar etter denne. Selskapet har rusta opp materiell og utstyrssida i noko mon. Selskapet er godt på veg i h.t. plan og kompetansetiltak for å dekke opp kompetansekrav. Selskapet er tillagt oppgåva med byggetilsyn etter pbl.</p> <p>Selskapet har nokre krevjande år bak seg. Vedteken brannordning er ikkje komen på plass som føreset i Luster og Vik i hovudsak grunna rekrutteringsutfordringar mannskap. Lokalstasjon Luster er avvikla pr 01.01.16, medan utfordringar i Gaupne og Vik vert ført over til vidare ROS-arbeid.</p> <p>Kompetansetiltak og anna oppgradering m.a utstyr er i arbeid. Selskapet har administrasjonslokale i Kulturhuset i Sogndal. Brannstasjon i Gaupne, i Øiene- bygget på Røneidsgrandane, er teken i bruk og det er under arbeid å etablere kurslokale og øvingsområde i tilknytning til stasjonen.</p>

Kommentar:	<p>Det har vore stor kostnadsvekst i selskapet. «Profesjonallisering» og eksterne krav er dei store faktorane. Eks. nytt nødnett, Alarmsentralen og «tariffbestemmelsar» m.v.</p> <p><i>Gjennom 2014 og over i 2015 vart det gjennomført ein prosess og drøfting med eigarane omkring status og vidare utvikling av selskapet.</i></p> <p><i>Fordelingsnøklar, eigardelar er revidert i 2015 med verknad frå 2016. Mindre endring for Luster.</i></p> <p><i>Innføring av nytt nødnett var ei stor sak i 2015, elles var det på mange område eit år som kan karakteriserast som eit normalår.</i></p> <p><i>Nytt representantskap med Olav Turvoll som leiar vart konstituert febr. 2016. Ordførar Ivar Kvalen og Elin Hauge er kommunale eigarrepresentantar.</i></p> <p><i>På møte i representantskapet i april 2016 vart det valt nytt styre med Ingunn Broch Hauge som ny styreleiar etter Jarle Skartun. Per Steinar Sviggum vart vald inn i styret etter «oppnemning» frå Luster.</i></p> <p><i>Kommunestyret fekk nærare informasjon om selskapet på opplæringsdag i januar 2016.</i></p> <p><i>Det vil vere aktuelt at selskapet orienterar formannskapet om status og utfordringar, ev om arbeidet med revisjon av brannordning.</i></p>
------------	--

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	19,5	21 892 724	23 980 964	25 472 058
<i>Res.før skatt</i>	1,5	-481 562	-366 577	*2 300 000
<i>Eigenkapital</i>	10,5	8 252 784	6 361 229	7 902 619

** Driftsresultat er reelt sett lågare med 0,5-1 mill grunna fond/ekstra tilskot STV.*

Utbytte:

-

Utbytte LK:

-

Kommunal løyving

Betaling for tenester etter fordelingsnøkkel.

	Beredskap	Forebyggande	Feiing	Byggetils.
2013 R	3.269.000	(545.481)	630.217	182.000
2014. R	3.500.000	592.000	(675.000)	192.000
2015. R	3.895.000	600.000	(760.000)	205.000
2016. B	4.230.000	600.000	(770.000)	230.000

**Kommunane ber sjølve driftsutgiftene med brannstasjonane, for Luster kommune sin del om lag 120.000 pr år.*

**Feiing er ei sjølvkostteneste og gebyrnivået skal dekkja opp. I ein oppstartsfase har det vore kravt inn driftstilskot frå kommunane pr pipe med avrekning etter utført feiing/frekvens mv.*

Mål for eigarskap

Kommentar:

Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon

Framtidig eigarskap

Kommentar:

Vidareføra eigarskap.

Generelt	
Namn på selskap:	Sogn og Fjordane revisjon IKS
Type selskap:	<i>Interkommunalt selskap</i>
Adresse:	<i>Askedalen 2, 6863 Leikanger</i>
Telefon:	<i>57 65 61 00</i>
Nettadresse:	www.sf-revisjon.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	<i>10,5%</i>
Andre større eigarar:	<i>Sogn og Fj. Fylkeskommune, 8 sognekommunar</i>
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styreleiing:	<i>Arne Hovland</i>
Ev oppnemning av LK:	<i>Britt Dagrund Brugrand styremedlem.</i>
Godtgjersle:	<i>Styreluar 48.125 kr, møtegodtgjersla for styret føl fylkeskommunen sitt reglement for godtgjersle til dei folkevalde.</i>
Dagleg leiing:	<i>Ingvar Linde. Frå 1.7 2016 har Marianne Vara vore konstituert dagleg leiar, etter at Ingvar Linde gjekk over til arbeid som økonomisjef i Høyanger kommune.</i>
Ev revisor	<i>Søreide Revisjon AS, 5068 Bergen</i>
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	<i>Kommunen er pliktig å ha opplegg for økonomisk revisjon og forvaltningsrevisjon. Etter endring av lovverk måtte dette organiserast på «armlengdes avstand», via selskap eller ved kjøp av teneste. I lag med fylkeskommunen etablerte sognekommunane Sogn og Fjordane Revisjon IKS for å løysa oppgåva.</i>
Vedtekter:	<i>Ja</i>
Føremål:	<i>Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll jf kommunelova § 77 punkt 4 og 5 samt attestasjonsoppdrag. Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane.</i>

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	<i>Det har vore ein gjennomgang av selskapet etter initiativ frå fylkeskommunen der kostnadsfordelingsmodell var eit hovudtema. Det er semje om å vidareføra selskapet der valt modell i større grad enn tidlegare skal basere seg på betaling etter medgått tid til utføring av teneste. Forvaltningsrevisjon vert kjøpt etter anbudsutlysing for kvart oppdrag og IKS-et har i lag med selskap i Hordaland etablert dotterselskap for slike tilbod/oppgåver. Dette engasjementet er i 2015/16 avvikla. Lærdal kommune har trekt seg ut av selskapet. Det er starta drøftingar om grunnlag for fusjon mellom dei offentleg eigde revisjonsselskapa i fylket. (3 selskap)</i>

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	5.398	5.702	5.528	4.554	5.137
<i>Driftsresultat</i>	-327	-274	1.109	-640	650
<i>Ord.res. før skatt</i>	-261	-213	1.157	-640	665
<i>Eigenkapital</i>	2.531	2.318	3.474	2.835	3.500

Utbytte: 0

Utbytte LK:

Kommunal løyving *Betaling for teneste. 2013: kr 529.980 kr, 2014: kr 505.470 2015:kr 526.055*

Mål for eigarskap

Kommentar: *Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon.*

Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføre eigarskap.*

Generelt	
Namn på selskap:	Sognekraft AS
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	6893 Vik i Sogn
Telefon:	57 69 86 00
Nettadresse:	www.sognekraft.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	6,88%
Andre større eigarar:	BKK , Vik kommune , Luster Energiverk, Sogndal kommune, Leikanger kommune, Balestrand kommune.
Lån/garanti frå LK:	Nei. Tidlegare ansvarleg lån er omgjort til as-kapital.

Leiing	
Styre/styreleiing:	Atle Neteland
Ev oppnemning av LK:	Geir Arve Sandvik er nestleiar
Godtgjersle:	Totalt styrehonorar: 376.000
Dagleg leiing:	Terje Bakke Nævdal
Ev revisor	Deloitte AS, Karenslyst alle 20, 0278 Oslo

Om selskapet	
Bakgrunn:	Kommunen vart medeigar i AS Sognekraft i samband med siste utbygging av Årøy kraftverk. Kommunen eigde i denne samanheng fallrettar i Årøyvassdraget som selskapet fekk overta. Som vederlag for fallrettane fekk kommunen aksjar i selskapet.
Vedtekter:	Ja
Føremål:	Produsere og handle samt distribuere energi og anna infrastruktur knytt til slik verksemd. Selskapet kan tilby tenestar i samband med dette. Verksemda kan drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre føretak med tilsvarande eller liknande føremål.

Status, utvikling av selskapet

Kommentar:

Sognekraft AS vart etablert i 1947, og har si kjerneverksemd innan produksjon, distribusjon og sal av energi. 56 % av eigarskapen ligg i sogneregionen, medan BKK AS eig 44 %. Konsernet har i dag ca 100 tilsette.

Sognekraft er midt i ein svært aktiv periode med fleire lokale kraftutbyggingar. I 2015 blei arbeidet med bygging av 6 kraftverk langs Fjærlandsfjorden starta opp, med datoar for ferdigstilling i 2017 og 2018. Selskapet fekk i 2015 konsesjon frå Olje- og energidepartementet for å byggje ut Leikanger og Feios kraftverk, medan Offerdal kraftverk ligg til konsesjonsbehandling hjå OED med positiv tilråding frå NVE. Sognekraft skal i tillegg byggje ut ei rekkje mindre kraftverk og modernisere og effektivisere fleire dei sjølve eig og driv i dag.

Sognekraft har hatt som langsiktig strategi å auke vasskraftproduksjonen. I samsvar med denne strategien, er det over tid arbeidd med ein langsiktig finansieringsstrategi som kan gjere det mogleg å realisere kraftutbygging til fornuftig risiko. Som ledd i denne strategien vert det planlagt å selje ut deler av nykraftporteføljen (300 GWh av ein total på 500 GWh). Sognekraft vil sikre seg tilbakekjøpsrett etter 30 år på dei tre kraftverksprosjekta som no vert lagt ut for sal; Fjærland (seks småkraftverk), Feios og Offerdal. I perioden der andre eig kraftverka, er det Sognekraft som skal drifte dei.

Salstransaksjonen vil styrke Sognekraft sin eigenkapital og sikre robust framtidig finansiering av den planlagde veksten. Med dagens kraftprisar og nemnde satsingar, er det gitt prognosar på lågare utbytte dei neste åra framover.

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	264.949	242.514	349.626	274.595	264.000
<i>Driftsresultat</i>	109.968	66.120	129.135	71.291	53.068
<i>Ord.res. før skatt</i>	105.361	58.209	122.437	39.932	45.804
<i>Eigenkapital</i>	254.099	336.212	366.177	356.934	398.067

Utbytte:
2011: 34 mill kr
2012: 34 mill kr
2013: 42 mill kr
2014: 29 mill kr
2015: 16.7 mill kr

Utbytte LK: 2011: 2,064 mill kr., 2012: 2,339 mill kr. 2013: 2.900 mill kr, 2014: 1.990 mill kr, 2015 1.148 mill kr.

Kommunal løyving

Mål for eigarskap

Kommentar: *Finansielt og regionalpolitisk motivert eigarskap*

Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføra eigarskap.*

Generelt	
Namn på selskap:	Luster Energiverk AS
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Gaupnegrاندane, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 29 00
Nettadresse:	www.lusterenergi.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	22%
Andre større eigarar:	Luster Sparebank (15,69%), Andre (66,34%)
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styreleiing:	<i>Stein Bugge Næss leiar, Anders Steinar Molland, Marianne Bugge, Arne Aasen Hauge, Arne Kvalen, Ronny Melheim</i>
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	<i>Styrelleiar får kr 43.693 fast og 1985 pr møte. Styremedlemmer får kr 1985 pr møte.</i>
Dagleg leiing:	<i>Anders Molland</i>
Ev revisor	<i>Deloitte AS, Karenslyst alle 20, 0278 Oslo</i>
Valnemnd	<i>Kjell Opheimshaug, Laila Gjerde, Jon Galde.</i>

Om selskapet	
Bakgrunn:	<i>Ved samanslåing av Luster, Hafslo og Jostedal kraftverk eigde Luster kommune 13 % av aksjane i det nye selskapet. Kommunen har seinare kjøpt aksjar i selskapet og eig no 22 %.</i>
Vedtekter:	<i>Ja, med særlege bestemmelsar for stemmereglar og krav til eigarar.</i>
Føremål:	<i>Å sørge for ei turvande, sikker og rasjonell energiforsyning i Luster kommune som også tilfredsstillir indre og ytre miljøkrav. Å skapa verdiar for kundane, eigarane og samfunnet i Luster kommune. Å sørge for ei sikker og rasjonell overføring og omsetning av elektrisk kraft på ein kostnadseffektiv måte til beste for både kundar og eigarar. Å ivareta det samfunnsmessige ansvaret som er gitt selskapet som naturleg monopol. Å omsetja og produsera kraft til konkurransedyktige prisar. Å arbeida aktivt for ein god energjøkonomi. Å driva anna verksemd i samband med dette slik som handel og installasjonsverksemd. Selskapet skal med si verksemd og sine aksjonærar sikre sterke band til Luster kommune. Luster Energiverk As har som 50% eigar i selskapet Luster Småkraft engasjert seg i småkraftutbyggingar i Luster. Fleire utbyggingar er ferdige, nokre utbyggingar under arbeid og nokre under planlegging og konsesjonshandsaming.</i>

Status, utvikling av selskapet

Kommentar: *Selskapet spelar ein aktiv rolle i lokal kraftforsyning og ny småkraftutbygging i kommunen.
Selskapet har eigarposisjon på 12% i Sognekraft.
Luster Energiverk er utbygger og eigar av fiber i kommunen.*

Luster kommune søker å oppheva dei spesielle stemmereglane i selskapet som set store avgrensingar for kor mange aksjar eigarane får stemmevekt for.

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	60.183	72.325	64.005	62.081
<i>Driftsresultat</i>	5.375	12.156	8.268	7.995
<i>Ord.res. før skatt</i>	11.038	19.562	12.646	10.895
<i>Eigenkapital</i>	117.325	119.442	132.003	136.641

Utbytte: 2012: 5.856
2013: 5.811
2014: 5.748
2015: 5.716

Utbytte LK: 2012: 1,090 mill kr, 2013:1.278 mill kr, 2014: 1.393 mill kr,
2015:1.393

Kommunal løyving

Mål for eigarskap

Kommentar: *Finansielt og samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.*

Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføra eigarskap*

Generelt	
Namn på selskap:	Sage kraftverk AS
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Gaupnegrاندane, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 29 00
Nettadresse:	www.lusterenergi.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	50%
Andre større eigarar:	Luster Energiverk 50%
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styreleiing:	Ivar Kvalen, leiar, Stein Bugge Næss, Anders Steinar Molland, Elin Hauge
Godtgjersle:	Total styrehonorar: 21.847 til styreleiar og kr 1985 pr møte til styret.
Dagleg leiing:	Anders Molland
Ev revisor	Deloitte AS, Karenslyst alle 20, 0278 Oslo
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	<i>Ved kontrakt av 23.2.1940 mellom kommunen og Luster Kraftlag LL fekk selskapet leige vass- og grunnrettane i Kolstadelva i 50 år. Luster Energiverk AS søkte fornya konsesjon for bruksrett av regulering av Kolstadelvi m.v. i 1990. NVE har i 1995 tilrådd konsesjon fram til 5.8.2050. Då det er kommunen som er eigar av fallrettane vart det etter tingingar mellom LE og Luster kommune i 2000 semje om ei vidareføring av avtalen under føresetnad av at det vart skipa eit AS der LE og kommunen vart likeverdige partar. I avtalen har det nye AS rett til å leiga fallrettane vederlagsfritt fram til 2050 og deretter ein opsjon for vidare drift i ytterlegare 50 år.</i>
Vedtekter:	
Føremål:	<i>Utbygging og produksjon av elektrisk kraft.</i>

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	<i>Luster energiverk syter for drift av Sage kraftverk. Normal produksjon er 35 Gwh Etter større damrenovering i 2011/2012 har selskapet hatt normal produksjon. Det bør vurderast om selskapet bør betale utbyte til eigarane. Styremedlemmane i selskapet sit og i generalforsamlinga for selskapet. Kommunen sine vedtekne strategiar tilseier at ein skal vere bevisst slike dobbeltrollar.</i>

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	11.889	6.243	10.056	7.529	6.029
<i>Driftsresultat</i>	6.840	1.905	5.289	2.963	1.411
<i>Ord.res. før skatt</i>	4.590	660	3.826	1.587	1.760
<i>Eigenkapital</i>	27.724	27.713	29.197	29.697	31.457

Utbytte: 0

Utbytte LK:

Kommunal løyving

Mål for eigarskap

Kommentar: *Finansielt og samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.*

Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføra eigarskap*

Kommunen har her eigarskap i eit selskap der kommunen eig alle fallrettane.

I inngått avtale mellom eigarane har kommunen rett til krevja selskapet oppløyst dersom eigedomsforholda i LE vert endra (for eksempel meir enn 1/3 av eigarane i LE ikkje er heimeværande i kommunen) Dette gjeld likevel ikkje om det er kommunen som sel aksjar ut av kommunen.

Ved avvikling av selskapet før 5.8.2050 har kommunen rett til å overta alle verdiar i selskapet til bokført verdi på opphøyrstidspunktet.

Generelt	
Namn på selskap:	Sogn skisenter SA
Type selskap:	Samvirkeføretak
Adresse:	Heggmyrane, 6869 Hafslo
Telefon:	57 68 45 11
Nettadresse:	www.sognskisenter.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	27,1 %
Andre større eigarar:	Luster sparebank, Hafslo IL, HA-invest
Lån/garanti frå LK:	Lån i næringsfondet ca 4.5 mil kr.

Leiing	
Styre/styreleiing:	Tor Bremer
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	Kr 29.000 til styret
Dagleg leiing:	Runar Tørvi
Ev revisor	Sogn Rekneskapskontor AS, 6868 Gaupne
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	Luster kommune har både gjennom eigarskap, lån frå næringsfondet og årlege økonomiske bidrag vore med for å byggje opp eit skianlegg med god kvalitet innafor både alpint og langrenn.
Vedtekter:	
Føremål:	Byggje, eige og drive idrettsanlegg på Heggmyrane i Luster kommune.

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	<p>Sogn Skisenter skal vere eit godt tilbod for dei som bur i kommunen og regionen, og målet er at Sogn Skisenter sine kvalitetar også skal dra fleire besøkande til regionen på vinterstid.</p> <p>Styrka vassforsyning til snøproduksjon og den nye Sognaheisen var på plass i vintersesongen 2015. Det har løfta kvaliteten og attraktiviteten til senteret. I 2015 hadde Sogn Skisenter det beste billettsalet gjennom tidene på 2.8 mill kr. Planarbeid for vidare utvikling vert det arbeidd aktivt med.</p> <p>Luster kommune har løyvd ekstra midlar til planarbeidet.</p>

Økonomi

Økonomisk utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	4.940.097	4.030.664	4.305	7.316	4.556
<i>Driftsresultat</i>	451.879	224.919	472.000	41	226
<i>Ord.res.før skatt</i>	85.617	341 311	370.000	-134	122
<i>Eigenkapital</i>	1.290.263	1.631.573	2.002.000	1.868	1.990.

Utbytte:

-

Utbytte LK:

-

Kommunal løyving

I k.sak 52/13 vart det vedteke at Luster kommune skal yte eit årleg tilskot til Sogn Skisenter i perioden 2014 – 2016 på minimum kr 900.000. I løpet av 2016 skal nivået på tilskotet vurderast på ny.

Mål for eigarskap

Kommentar:

Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.

Framtidig eigarskap

Kommentar:

Vidareføra eigarskap, vidareutvikling av anlegget.

Generelt	
Namn på selskap:	Fjordstova AS
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	6876 Skjolden
Telefon:	57 68 67 44
Nettadresse:	www.skjolden.com Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	26%
Andre større eigarar:	Skjolden Hotell AS 18%, Andre 56%
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styreleiing:	Torhild Neverdal
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	
Dagleg leiing:	Arne J. Hauge
Ev revisor	PriceWaterHouseCoopers AS, Dronning Eufemiasgt. 8, 0191 Oslo
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	
Vedtekter:	
Føremål:	<i>Eige og drive idrettshall, samfunnshus, og næringsbygg, herunder arrangere idrettstevlingar, sosiale samver, konferansar, kurs, kongressar o.l. Vidare skal selskapet drive utleige av lokale og utstyr, handel og anna økonomisk verksemd knytt til drifta av selskapet sin eigedom.</i>

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	<i>Bibliotekfilialen er lagd ned</i>

Økonomi (tal i tusen)																															
Økonomisk utvikling	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2011</th> <th>2012</th> <th>2013</th> <th>2014</th> <th>2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Driftsinntekter</td> <td>1.740</td> <td>1.727</td> <td>1.719</td> <td>1.790</td> <td>1.774</td> </tr> <tr> <td>Driftsresultat</td> <td>- 54</td> <td>-152</td> <td>-128</td> <td>16</td> <td>-22</td> </tr> <tr> <td>Ord.res. før skatt</td> <td>-46</td> <td>-148</td> <td>-129</td> <td>16</td> <td>-22</td> </tr> <tr> <td>Eigenkapital</td> <td>1.684</td> <td>1.730</td> <td>1.407</td> <td>1.424</td> <td>1.401</td> </tr> </tbody> </table>		2011	2012	2013	2014	2015	Driftsinntekter	1.740	1.727	1.719	1.790	1.774	Driftsresultat	- 54	-152	-128	16	-22	Ord.res. før skatt	-46	-148	-129	16	-22	Eigenkapital	1.684	1.730	1.407	1.424	1.401
	2011	2012	2013	2014	2015																										
Driftsinntekter	1.740	1.727	1.719	1.790	1.774																										
Driftsresultat	- 54	-152	-128	16	-22																										
Ord.res. før skatt	-46	-148	-129	16	-22																										
Eigenkapital	1.684	1.730	1.407	1.424	1.401																										
Utbytte:	0																														
Utbytte LK:	-																														
Kommunal løyving	2012:858.000, 2013:858.000, 2014:860.000 2015: 858.000																														

Mål for eigarskap	
Kommentar:	<i>Samfunnsøkonomisk motivert. Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon.</i>

Framtidig eigarskap	
Kommentar:	<i>Vidareføra eigarskap.</i>

Generelt	
Namn på selskap:	Luster Treningssenter AS
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Grandmo 18, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 44 35
Nettadresse:	www.lustertrening.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	19,61%
Andre større eigarar:	LHL Luster (27,45%), IL Bjørn (19,61%), Luster revmatikarf. (13,73%), Grandmo AS (11,76%), Gaupne Helselag (7,84%)
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styreleiing:	Kjell Arild Brendstuen
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	
Dagleg leiing:	Jorid Solstad Skorve
Ev revisor	Sogn Rekneskapskontor, 6868 Gaupne
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	Luster kommune har gått inn på eigarsida i selskapet for å få etablert eit treningssenter av god kvalitet i kommunen. Luster treningssenter vert nytta av Luster kommune i høve tilsette og er også ein del av folkehelsearbeidet i kommunen.
Vedtekter:	
Føremål:	Aktivitetar som kan betre helse for brukarane. Selskapet skal legge til rette for både konkurranse- og helseorientert trening/rehabilitering.

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	God, jamn aktivitet i selskapet. Utviklingsarbeid gjeldande framtidig lokalitetar, aktivitet, organisering og samarbeid vert det arbeidd med.

Økonomi (tal i tusen)																															
Økonomisk utvikling	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2011</th> <th>2012</th> <th>2013</th> <th>2014</th> <th>2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Driftsinntekter</td> <td>2.026</td> <td>2.151</td> <td>2.086</td> <td>2.218</td> <td>2.082</td> </tr> <tr> <td>Driftsresultat</td> <td>- 22</td> <td>45</td> <td>-147</td> <td>252</td> <td>116</td> </tr> <tr> <td>Ord.res før skatt</td> <td>- 32</td> <td>39</td> <td>-150</td> <td>253</td> <td>116</td> </tr> <tr> <td>Eigenkapital</td> <td>548</td> <td>554</td> <td>404</td> <td>623</td> <td>721</td> </tr> </tbody> </table>		2011	2012	2013	2014	2015	Driftsinntekter	2.026	2.151	2.086	2.218	2.082	Driftsresultat	- 22	45	-147	252	116	Ord.res før skatt	- 32	39	-150	253	116	Eigenkapital	548	554	404	623	721
	2011	2012	2013	2014	2015																										
Driftsinntekter	2.026	2.151	2.086	2.218	2.082																										
Driftsresultat	- 22	45	-147	252	116																										
Ord.res før skatt	- 32	39	-150	253	116																										
Eigenkapital	548	554	404	623	721																										
Utbytte:	0																														
Utbytte LK:	-																														
Kommunal løyving																															

Mål for eigarskap	
Kommentar:	Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.

Framtidig eigarskap	
Kommentar:	Vidareføra eigarskap inntil vidare.

Generelt	
Namn på selskap:	Sogneprodukt AS
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	6893 Vik i Sogn
Telefon:	57 63 89 40
Nettadresse:	www.sopro.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	7,25%
Andre større eigarar:	Sogn og Fj. Fylkeskommune 27% Vik kommune 22%, Sogndal kommune 9%, Årdal kommune 9%, Luster kommune 7.2%. Resten sognekommunar og bankar.
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styreleiing:	Stig Roar Hovland
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	Styrehonorar totalt 26000,-
Dagleg leiing:	Ragnhild Fjærestad
Ev revisor	Deloitte AS, Karenslyst alle 20, 0278 Oslo
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	Selskap for å skaffe arbeid for dei som ikkje var i stand til å konkurrere om arbeidsplassane i det ordinære arbeidslivet vart realisert i Vik i 1976. Aktiviteten er over tid utvida til fleire lokalitetar i Sogn med avd. på Kaupanger.
Vedtekter:	
Føremål:	Å skape grunnlag for attføring av yrkeshemma. Føremålet med attføringsverksemda er avklaring og kvalifisering med sikte på formidling til ordinært arbeidsliv eller utdanning. Verksemda kan også i avgrensa omfang gje tilbod om varig sysselsetting for personar som ikkje er aktuelle for den opne arbeidsmarknaden eller for andre sysselsettingstiltak.

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	<p>Sogneprodukter har stor aktivitet som leverandør av attføringstenester i Sogn. Utviklingsarbeid heng nøye saman med nasjonale råmevilkår , kjøp av plassar frå NAV mv. Frå 2015 vert det lagt opp til at om lag halvparten av tiltaka som NAV har kjøpt frå Sogneprodukter skal ut på offentlege anbod.</p> <p>Det ligg føre informasjon om at Sogneprodukter har mista ein del av desse tiltaka og ny aktør Freetex etablerar seg i regionen. Styret/leiing i selskapet vurderar konsekvensar og utarbeider strategiar for selskapet i lys av denne utviklinga.</p>

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	29.338	30.561	31.316	29.225	28.341
<i>Driftsresultat</i>	585	892	513	-228	-1.460
<i>Ord.res. før skatt</i>	876	1.387	880	80	-997
<i>Eigenkapital</i>	26.091	27.478	28.359	28.439	27.442

Utbytte: 0

Utbytte LK: 0

Kommunal løyving

Mål for eigarskapKommentar: *Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.***Framtidig eigarskap**Kommentar: *Vidareføra eigarskap*

Generelt	
Namn på selskap:	SognLab AS
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Parkvg. 17, 6856 Sogndal
Telefon:	57 67 67 30
Nettadresse:	www.sognlab.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	12,50%
Andre større eigarar:	Kommunane Sogndal, Årdal, Aurland, Vik, Lærdal, Leikanger, Balestrand.
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styreleiing:	Ivar Slinde
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	Total styrehonorar: 10 000,-
Dagleg leiing:	Thomas Lysne
Ev revisor	Ellingsen Regnskapsservice AS, Parkvg. 2, 6856 Sogndal
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	Omdanning av næringsmiddeltilsynet til mattilsynet sette krav om utskilling/konkurranseutsetting av laboratorietenestene. Kommunane i Sogn etablerte aksjeselskap for å kunne tilby laboratorietenester i regionen.
Vedtekter:	
Føremål:	Levere laboratorietenester til offentlige og private kundar med hovudvekt på testing av vatn, miljø, kjøt og fisk, konsulentverksemd og anna verksemd med tilknytning til dette, her medrekna deltaking i andre selskap med liknande verksemd.

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	Kommunane brukar eige selskap i kontroll av vasskvalitet, avløpsvatn mv. For ein del av arbeidet er beredskap, nærleik og tilgjengeleg kompetanse i regionen viktig og då selskapet kan tilby konkurransedyktige prisar har kommunane slutta opp om selskapet.

Økonomi (tal i tusen)																																					
Økonomisk utvikling																																					
	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2011</th> <th>2012</th> <th>2013</th> <th>2104</th> <th>2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Driftsinntekter</td> <td>2.075</td> <td>2.025</td> <td>2.219</td> <td>2.172</td> <td>2.191</td> </tr> <tr> <td>Driftsresultat</td> <td>209</td> <td>-152</td> <td>21</td> <td>-163</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>Ord.res. før skatt</td> <td>231</td> <td>-125</td> <td>41</td> <td>-145</td> <td>-49</td> </tr> <tr> <td>Eigenkapital</td> <td>1.297</td> <td>1.171</td> <td>1.213</td> <td>1.058</td> <td>1.007</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> </tbody> </table>		2011	2012	2013	2104	2015	Driftsinntekter	2.075	2.025	2.219	2.172	2.191	Driftsresultat	209	-152	21	-163	0	Ord.res. før skatt	231	-125	41	-145	-49	Eigenkapital	1.297	1.171	1.213	1.058	1.007						
	2011	2012	2013	2104	2015																																
Driftsinntekter	2.075	2.025	2.219	2.172	2.191																																
Driftsresultat	209	-152	21	-163	0																																
Ord.res. før skatt	231	-125	41	-145	-49																																
Eigenkapital	1.297	1.171	1.213	1.058	1.007																																
Utbytte:																																					
Utbytte LK:																																					
Kommunal løyving	Kjøp av tenester.																																				

Mål for eigarskap

Kommentar: *Samfunnsøkonomisk motivert.
Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon.*

Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføra eigarskapen.*

Generelt	
Namn på selskap:	Pyramiden AS
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Pyramiden, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 67 05
Nettadresse:	www.pyramidensenter.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	10%
Andre større eigarar:	Pyramiden Mat AS (23%), Gunnar Hesjevoll (19%), Pyramiden Senterkafè ANS (9%), Sportsbui AS (6%), Luster Rekneskapslag Sa (5%) Luster Radio TV service AS(5%)
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styreleiing:	Ole Johnny Uthus leiar, Asle Karoliussen, Jan Erik Røneid
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	Total styrehonorar: 60 000,-
Dagleg leiing:	Svein Norberg
Ev revisor	Deloitte AS, Karenslyst alle 20, 0278 Oslo
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	Luster kommune har ein eigardel i Pyramiden på 10%, dette er med bakgrunn i korleis Pyramiden AS var organisert og finansiert når Pyramiden vart bygd i 1985/86.
Vedtekter:	
Føremål:	Eiga og leiga ut forretningseigedom og dermed beslekta forretningsverksemd. Selskapet kan også gjennom aksjekjøp eller på andre måtar engasjere seg i andre føretak uansett føremål og selskapsform.

Status, utvikling av selskapet	
Kommentar:	Selskapet har gjennomført ei større utbygging/ombygging/renovering. Det kommunale bibliotektilbodet har fått nye og utvida lokale i anlegget. Pyramiden som butikk- og servicesenter er viktig for heile Luster kommune. Det vert arbeidd aktivt for å unngå at det vert ståande ledige lokale i forretningsssenteret. Drøftingar om framtidig eigarskap kan vere ei aktuell sak.

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>	4.989	5.021	5.267	5.552	5.491
<i>Driftsresultat</i>	1.007	854	1.289	1.423	884
<i>Ord.res. før skatt</i>	-232	-278	-91	-153	-556
<i>Eigenkapital</i>	4.437	4.159	4.068	3.915	3.360

Utbytte: 2012: 0, 2013:0, 2014:0, 2015:0

Utbytte LK:

Kommunal løyving

Mål for eigarskap

Kommentar: *Samfunnsøkonomiske motivert eigarskap.*

Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføra eigarskap inntil vidare.*

Generelt	
Namn på selskap:	Visit Sognefjord AS,
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Telefon:	992 31 500
Nettadresse:	www.sognefjord.no Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap	
Eigardel LK:	3,5%
Andre større eigarar:	Reiselivsbedrifter og sognekommunar.
Lån/garanti frå LK:	

Leiing	
Styre/styrelsiing:	Yngve Halen, styreleiar
Ev «oppnemning» av LK:	Olav Grov er styremedlem
Godtgjersle:	0
Dagleg leiing:	Ståle Brandshaug
Ev revisor	Deloitte AS. Karenslyst alle 20, 0278 Oslo
Valnemnd	

Om selskapet	
Bakgrunn:	<i>Gjennom etableringa av Visit Sognefjord AS vart det selskapet som til då var Luster sitt reisemålsselskap, Reisemål Sogndal og Luster AS, vedteke nedlagt. Luster kommune har i kommunestyrevedtak gått inn på eigarsida i selskapet (kr 77.000) og bunde seg til ein avtale om årlege løyvingar til selskapet i ein periode på tre år (2013, 2014, 2015 - 399.000 kr årleg). Denne avtalen er forlenga slik at kommunal løyving vil bli kr 429.000 i 2016, 440.000 i 2017 og 451.000 i 2018 dvs 2.5% årleg auke i løyving.</i>
Vedtekter:	
Føremål:	<i>Visit Sognefjord skal vere eit felles sals-, marknadsførings- og kompetanseorgan for bedrifter, kommunar og organisasjonar som har interesser knytt til reiselivsnæringa og profilering av regionen, og skal bidra til å løyse fellesoppgåver for reiselivsnæringa i dei deltakande kommunane. Visit Sognefjord skal gjennom samling og koordinering av ressursar og interesser arbeide for ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa for å sikre auka verdiskaping og sysselsetjing. Visit Sognefjord skal stimulera til kompetanseheving og produktutvikling og vera ein aktiv pådrivar for aktivitetar og prosjekt som er viktige for reiselivsnæringa. Visit Sognefjord skal marknadsføre regionen som reisemål for ferie-, fritids- og konferansemarknaden, samt bidra til heilskapleg marknadsføring av Sogneregionen som bu, arbeids- og opplevingsstad. Visit Sognefjord skal vere reiselivet i regionen sin representant i relevante lokale, nasjonale og internasjonale fora. Visit Sognefjord skal kunne delta i andre verksemder med same formål. Eventuelt overskot i selskapet kan ikkje delast ut i form av utbyte til eigarane, men skal utelukkande nyttast i framtidig drift av Visit Sognefjord.</i>

Status, utvikling av selskapet

Kommentar: *Selskapet vart stifta 14.02.13 og har arbeidd godt. Det er god oppslutning frå næringa i regionen, og særleg frå Luster.*

Økonomi

Økonomisk utvikling

	2012	2013	2014	2015
<i>Driftsinntekter</i>		7.041	9.507	9.347
<i>Driftsresultat</i>		304	-244	-40
<i>Ord res før skatt</i>		221	-183	-43
<i>Eigenkapital</i>		2.339	2.156	2.105

Utbytte:

Utbytte LK:

Kommunal løyving *2014: 399.000, 399.000 i 2015, 429.000 i 2016*

Mål for eigarskap

Kommentar: *Regional og samfunnsøkonomisk motivert.*

Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføra eigarskap.*

Generelt

Namn på selskap:	Luster Utleigebustader
Type selskap:	Stifting
Adresse:	Rådhuset, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 55 00
Nettadresse:	Lenke til oppdatert selskapsinformasjon

Eigarskap

Eigardel LK:	100%
Andre større eigarar:	-
Lån/garanti frå LK:	K.sak 25/06. Garanti for låneopptak og garanti for tapte leigeinntekter. Fleire konkrete saker der det er garanti for låneopptak.

Leiing

Styre/styreleiing:	Jan Kåre Norberg
Ev oppnemning av LK:	Styremedlemer: Anita Bjørk Ruud, Jon Evjestad, Gunnlaug Saur.
Godtgjersle:	0
Dagleg leiing:	Jan Kåre Norberg
Ev revisor	PriceWaterhouseCoopers AS, Dronning Eufemiasgt. 8, 0191 Oslo
Valnemnd	Delegert til rådmannen å føreta oppnemning, jf. K.sak 66/11

Om selskapet

Bakgrunn:	Kommunen/kommunestyre har etablert eiga bustadstifting som har som føremål å bygge og drive utleige av bustader i Luster kommune. Luster Utleigebustader har 35 husvære som dei leiger ut i 2015.
Vedtekter:	
Føremål:	Skaffa bustader for tidsavgrensa utleige utan eiga økonomisk vinning.

Status, utvikling av selskapet

Kommentar:	Luster utleigebustader har i arbeid eit prosjekt i Gaupne som omfattar til saman 18 nye husvære; 12 av desse er til utleige og 6 for sal. Dette prosjektet vert fedigstilt september 2016.
------------	--

Økonomi (tal i tusen)

Økonomisk utvikling					
	2011	2012	2013	2014	2015
Driftsinntekter	1.892	1.876	1.913	1.972	2.047
Driftsresultat	947	779	500	840	400
Ord.res. før skatt	337	224	36	436	-138
Eigenkapital	1.211	1.435	1.871	2.307	2.568
Utbytte:	0				
Utbytte LK:	0				
Kommunal løyving					

Mål for eigarskap

Kommentar: *Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.
Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon.*

Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføra eigarskap.
Stiftinga vil inngå i ei nærare vurdering av korleis kommunen organiserer, effektiviserer og samordnar kommunen si samla bustadforvaltning.*

6 Vedlegg:

6.1 Ulike selskaps og organisasjonsformer.

6.1.1 Tenesteeining

Organisering av tenesteeiningane blir ikkje nærare omtalt her da det ikkje går inn under omgrepet eigarskap.

6.1.2 Kommunalt føretak (KF)

Kommunale føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt og heimla i kommunelova. Det kommunale føretaket er ein del av kommunen og er underlagt kommunestyret. Gjennom føremålet fastset kommunestyret den verksemd som føretaket skal drive og den ytre ramma for styret sin mynde. Kommunestyret kan gjennom vedtektene eller andre typar vedtak gje bindande pålegg for føretaket. Både stifting og oppløysing av kommunale føretak blir vedteke av kommunestyret.

Reglane for kommunale føretak tek sikte på å gje eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Organiseringa blir nytta serleg når både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn skal takast vare på.

I lova er det ikkje grenser for kva for oppgåver kommunen kan leggje inn i eit kommunalt føretak.

Kommunalt føretak skal leiast av styre og dagleg leiar. Styret har mynde til å treffe avgjerder i føretaket sine saker.

Det er kommunestyret som vel styremedlemmer i føretaket dersom kommunestyret ikkje har delegera til andre organ å velje styre. Styret har eit overordna ansvar for organiseringa av føretaket si verksemd.

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for dei tilsette i kommunale føretak. Kommunen sin overordna arbeidsgjevarpolitikk legg rammene også for kommunale føretak.

Som en del av kommunen er føretaket underlagt kommunestyret sin budsjettmynde. Det vil seie at det er dei kommunale budsjetta som set ramme for føretaket si verksemd.

Kommunen sin styring og kontroll er fleire og meir omfattande i kommunale føretak enn i sjølvstendige selskap.

Kommunale føretak har ei sjølvstendig stilling i høve til kommunen sin administrasjon. Rådmannen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde overfor dagleg leiar, men rådmannen kan instruere dagleg leiar om ikkje setje i verk eit tiltak eller ei sak før kommunestyret har behandla saka.

6.1.3 Interkommunalt selskap (IKS)

Samarbeid mellom fleire kommunar og/eller fylkeskommunar kan organiserast etter lov om interkommunalt selskap (IKS) av 29.01.1999. Lova heimlar at interkommunale selskap er egne rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane.

Selskapet har sin eigen formue og sine egne inntekter, og svarar for sine forpliktingar.

Deltakarar i IKS kan berre vera kommunar, fylkeskommunar og andre IKS. Lovpålagte oppgåver og tenester det kan vera lønsamt og strategisk å løyse felles, er døme på verksemder som eignar seg for IKS.

Oppgåver vil kunne krevje overføring av mynde dersom oppgåvene skal bli lagt til eit interkommunalt selskap. Det kan vera avgrensingar i særlovgjevinga som gjer at slik mynde ikkje kan delegerast. (T.d. samarbeidet innom barnevern).

Representantskapen er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet er eigarane sitt organ. Deltakarkommunane sitt eigarmynde utøvast av representantskapet. Den einskilde eigarkommune kan ikkje utøve eigarmynde direkte overfor styret i selskapet eller administrasjon. Kvar deltakarkommune skal ha minst eitt medlem i representantskapen.

Deltakarkommunane kan gjennom representantskapet treffe vedtak som bind styret, og det kan omgjere vedtak som styret har vedteke.

Deltakarane i eit interkommunalt selskap (IKS) kan i større grad ha innverknad over styringa av selskapet enn det aksjelova gjev deltakarane i eit aksjeselskap.

Eit trekk ved interkommunale selskap er at deltakarane har eit ubegrensa ansvar for sin del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla skal deltakarane sitt ansvar utgjera selskapet sine samla plikter. Det skil interkommunale selskap frå aksjeselskap der deltakarane sitt ansvar er begrensa.

6.1.4 Aksjeselskap (AS)

Reglane om aksjeselskap er regulert i Lov om aksjeselskaper (aksjelova) av 13.06.1997 nr. 44. Selskapet er eit eige rettssubjekt.

Det viktigaste trekket ved aksjeselskapsforma er at aksjeeigarane ikkje heftar for selskapet sine pliktingar anna enn innskoten kapital med mindre det er oppretta avtale som seier noko anna. Eigarane rår ikkje fritt over selskapet sine inntekter og formue.

Aksjekapitalen i eit aksjeselskap må vera på minst kr 30.000,-. Eit aksjeselskap som ikkje greier å oppfylle sine plikter, kan bli teken under konkursbehandling.

Ønskjer eigarane å trekke midlar ut av selskapet, må det skje etter nærare reglar i aksjelova for utdeling av utbyte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysing av selskapet.

Eit aksjeselskap kan ha ein eller fleire deltakarar. Lovgjevinga set ingen grenser for kven som kan vera aksjonær i eit aksjeselskap. Det kan i eit selskap vera både offentlege og private eigarar.

Selskapsforma kan vera teneleg dersom ein ønskjer ulike grupper av eigarar eller leggje til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan vera eigar. Selskapsforma inneber stor fleksibilitet på eigarsida.

Generalforsamlinga er selskapet sin høgaste organ. Dersom ikkje anna er bestemt utgjer ein aksje ei stemme i generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle selskapssaker dersom ikkje lova gjev avgjerdsmynde til andre organ. Generalforsamlinga kan instruere andre selskapsorgan, omgjera deira avgjerder eller treffe avgjerder i andre selskapsorgan med mindre lov på serskilde område fråtek generalforsamlinga mynde.

Generalforsamlinga vel medlemmer til selskapet sitt styre. Det er gjennom general-forsamlinga aksjeeigarane utøver den øvste mynde i selskapet. Generalforsamlingsvedtak fastsette rammer og gjev nærare reglar for styret. Styret har det overordna ansvar for forvaltning av selskapet og at det blir drive i samsvar med føremål, og innafor ramma av lovgjeving og selskapet sine vedtekter og instruksar fastsett av generalforsamlinga. Som hovudregel tilset styret dagleg leiar. Styret er dagleg leiar sin overordna. Dagleg leiar skal styre selskapet etter dei planar, retningsliner og prinsipp styret vedtek.

Aksjonæravtaler blir ofte nytta for å detaljere tilhøvet mellom aksjonærane. Aksjonæravtala kan regulere ulike eigarspørsmål som røysterett, fordeling av styreplassar, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett.

Ein aksjonær har ulike rettar i eit selskap avhengig av kor stor del av selskapet vedkomande eig. For ein kommune er det derfor viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt føremål med selskapet.

Har kommunen strategiske målsettingar for sitt eigarskap, bør kommunen ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av dei røysteføre aksjane i selskapet. Ønskjer kommunen maksimal kontroll over selskapet, bør kommunen eige selskapet fullt ut. Er eigarskapen av meir finansiell karakter er det ikkje så viktig kor stor del av selskapet kommunen eig.

- 100 % (aksjar og røyster)
I ein slik situasjon treng ikkje eigaren ta omsyn til rettar og reglar som elles gjeld for å verne dei andre aksjonærane.
- 90 % (aksjar og røyster)
Dersom ein aksjonær eig over 90 % av aksjane og røystene i eit aksjeselskap, kan vedkomande majoritetsaksjonær tvangsutløyse dei andre aksjonærane i selskapet.
- 67 % (røyster)
Vedtak om endring av selskapet sine vedtekter føreset minst to tredelar av røystene. Det same gjeld avgjerd om fusjon eller fisjon, vedtak om høgding

eller nedsetting av aksjekapitalen, opptak av konvertible lån, vedtak om omdanning og vedtak om oppløysing av selskapet.

- 50 % (røyster)
Døme på avgjerder som blir fatta med alminneleg fleirtal er val av styremedlemmer, godkjenning av årsrekneskap og vedtak om utdeling av utbytte. Vedtekter og aksjonæravtale kan regulere behov for breiare, men ikkje snevrare tilslutning i slike saker.
- 34 % (røyster)
Dersom ein aksjonær har meir enn ein tredjedel av røystene, vil denne normalt ha negativ kontroll over mange av dei viktigaste avgjerdene i selskapet. Serleg gjeld det vedtaksendingar.

Kommunen sin økonomiske risiko i høve til eigardel i aksjeselskap er direkte knytt til verdien av aksjekapitalen som kommunen har skote inn. Selskapet sine midlar blir disponera av selskapet sitt styre og dagleg leiar.

Dersom kommunen(-ane) som eigar av selskap ønskjer å ta ut midlar, må det skje etter aksjelova sine reglar om utdeling av utbytte eller fondsemisjon. Utdeling av utbytte til eigarane kan berre bli føreteke etter forslag frå styret og må bli vedteken på generalforsamlinga. Innafor ramma av aksjelova kan det gjennom aksjonæravtale heimlast ytterlegare handlingsreglar for disponering av selskapet sitt overskot. Det er bindande for styret si innstilling og generalforsamlinga sitt vedtak.

6.1.5 Samvirkeføretak (SA)

Selskapsforma samvirkeføretak (SA) er ei formalisering av dei ulovfesta andelslag, lutlag, partslag, BA osv.

Samvirkeføretaka er ein demokratisk organisasjonsform som byggjer på prinsipp om aktiv brukardeltaking og frivillig og opent medlemskap. Selskapsforma har som hovudføremål å fremme medlemmene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar eller tilbydarar av varer eller tenester.

6.1.6 Stifting

Stiftingar er regulera i "Lov om stiftelser (stiftelsesloven) av 15.06.2001. Lova trådte i kraft frå 01.01.2005.

Ei stifting skil seg frå andre selskapsformer ved at den ikkje har nokon eigarar eller deltakarar. Stifting er sjølveigande. Når ei stifting er oppretta har stiftarane ikkje lenger råderett over verdiane som er overført til stiftinga.

Ved oppretting skal ei stifting ha ein grunnkapital på minst kr 100.000. Jf § 14 i stiftingslova.

Ei stifting kan vera ei eigna organisasjonsform for å løyse bestemte oppgåver som ein ønskjer å skilje ut og gje fullt sjølvstende.

Sidan ei stifting ikkje kan ha eigarar, kan ein kommune ikkje øve påverknad på grunnlag av eigarskap. Det kan vera ei betydeleg ulempe, men samtidig gje moglegheit til å sikre verdiar under skiftande tilhøve.

Reglane for avvikling av stiftingar er komplekse. Både styret og stiftarane må godkjenne avviklinga. I tillegg er det stilt krav om godkjenning hos Stiftelsestilsynet før den formelle avviklinga kan finne stad.

Ei stifting blir leia av eit styre som er oppnemnd i tråd med vedtektene i stiftinga. Stiftinga må ha eit bestemt føremål. Stifting blir sett på som ueigna dersom kommunen ynskjer noko form for styring, påverknad eller kontroll.

6.1.7 Interkommunalt samarbeid

Kommunelova regulerar fire former for interkommunalt samarbeid;

- Interkommunalt samarbeid med eige styre (§ 27)
- Administrativt vertskommunesamarbeid (§ 28b)
- Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 28c)
- Samkommune

Interkommunalt samarbeid er først og fremst eit alternativ til tradisjonell kommunal organisering i etatar/einingar der volum, fagleg kompetanse, sårbare tilbod er utfordringar.

Interkommunalt samarbeid kan og i ein del tilfelle vere eit alternativ til anna selskapsorganisering.

Kommunelova har nærare reglar for slikt samarbeid.

6.1.8 Medlemskap i organisasjonar

Medlemspengar

Sparar ressursar, supplerar kompetanse